



Med denne vert vi helsa velkommen til Festidalen.

Førebuingsarbeidet til Festidalen 2015 har pågått lenge, men frå i dag har det tatt skikkeleg av. På ein rundtur registrerte eg aktivitet både i båthamna, på Festicampen ved elva, på Sandabakkane og sjølv sagt var det stor aktivitet på festivaljorden oppe på Dønhaug. I tillegg var nok mange Festidalen-eldsjeler som eg ikkje såg, i full aktivitet.

På Dønhaug vart det arbeidd med fleire ting då eg passerte. Nokre var opptatt med å setja opp telt, andre sette opp gjerde, nokre plasserte bord, og eit par elektrikarar var i gong med sitt arbeid for å nemna noko av det eg registrerte.

I båthamna var nokre av dei ansvarlege for Festitaren og Lambasleppet på plass i ivrig samtale og planlegging medan eg såg både arbeidsfolk og bord med benkar på campingarealet ved elva.

På Sandabakkane var nokre i pyntekomitèen, med god assistanse, nett ferdig med å setja opp Festidalen-banner og ein litt høgtsvevande bonde med hatt som eg drar kjensel på. Det kan ikkje vera andre enn Bjørgulv. Det var både iaugnefallande og fint der det var plassert midt i timoteienga.

Blant alle dugnadsfolka såg det ut som om arbeidet gjekk med liv og lyst. Kjekt var det også å registrera at svært mange bygder var representert i dei ulike gjengane.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.